



RBE søknader

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2326 - 15/20166

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

11.11.2015

Godkjenning - GBNR 23/81 - Mellombels bruksløyve for kjellarleilegheit i bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 402/2015

Tiltakshavar: Olav Våge
Ansvarleg søkjar: RBE søknader Ragnvald Rasmussen
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl 1985) § 99

BAKGRUNN:

Ansvarleg søkjar, RBE søknader Ragnvald Rasmussen (SØK) har gjennom søknad om mellombels bruksløyve dagsett 2.11.2015 bedt om mellombels bruksløyve for kjellarleilegheit på gbnr 23/81.

Gjennom søknaden vert det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat og at tiltaket elles er utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av pbl. av 1985. SØK har vidare stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Det står att mindre arbeid knytt til listing, golv og gang og tak i gang.

SØK har opplyst tidspunkt for ferdigstilling innan 2016.

VURDERING:

Kommuneadministrasjonen legg mottatt dokumentasjon til grunn og finn dertil at vilkåra for å gi mellombels bruksløyve for kjellarleilegheita, jf pbl (1985) § 99 nr. 3.

VEDTAK:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med heimel i Plan- og bygningsloven (1985) § 99 nr. 3 gir Meland kommune mellombels bruksløyve til kjellarleilegheit i bustaden på gbnr 23/81 i samsvar med søknad m/ vedlegg journalført 4.11.2015.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår og føresetnader:

1. Løyvet fell bort på fristdato for ferdigattest – 31.12.2016. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra.
2. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna formål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Orientering om klagerett, gebyrfastsetting mv.

Føreliggjande avgjerd om mellombels bruksløyve er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vedtaket etter Plan- og bygningsloven inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden vert ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste («Gebyrregulativet»). Gebyr ved søknad om mellombels bruksløyve er pt. pålydande kr. 3 000,- jf. Gebyrregulativ (2015) pkt. 10.2.8. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3 og 28. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.